

særlig rimelig i bruk sammenlignet med andre brenselssorter. En skal derfor anbefale forbrukere som ligger transportmessig gunstig til for overtakelse av torv å gå inn for torvfyring i størst mulig utstrekning. Produksjonskvantumet er imidlertid, som nevnt, betinget av forhåndskontrahering hvorfor eventuelle torvbestillinger må avgis før produksjonen settes igang — vanligvis i begynnelsen av mai. Leverandører av torv kan om ønskes fås oppgitt ved henvendelse til Tømmer- og Trelastkontoret i Landbruksdepartementet, eller Det norske myrselskap, Oslo.

En må rekne med at de private brenselshandlere i enkelte tilfelle mangler kapital til å kunne forskuttere innkjøpene av de nødvendige brenselkvanta. I de kommuner hvor det ikke er brenselnemnder og hvor kommunene ikke driver egne brenselforretninger skal en derfor anbefale at kommunene straks søker kontakt med de private brenselshandlere og eventuelt bistår disse med lån eller garantier i den utstrekning det måtte være påkrevet for å få sikret de kvanta ved eller torv som ansees nødvendig for å få dekket kommende vinters behov.

## KORNDYR KING PÅ MYR.

*Melding frå Det norske myrselskaps forsøksstasjon på Mærømyra i Sparbu.*

Myr er til vanleg ikkje haldi for å vera serleg god jord for dyrking av korn. I det kjølege og fuktige verlaget vårt er myra for lite drivande for nokonlunde årviss mogen kornavling. Men ved val av høvelege sortar, god jordkultur, høveleg gjødsling, rett såtid og effektive rådbøter mot ugraset, kan ein nok gjera mykje til sikker og lønsom korndyrking også på myr under rimelege dyrkingstilhøve.

Nattfrost i mogningstida er største vansken. Den frostfrie vekstida er kort og tidlege sortar er difor eit viktig krav. Såtida må vera så tidleg som råd er, helst på telen om våren.

På vel molda myr er det gjerne rikeleg tilgang på kvæve med stor fåre for legdeåker, difor må det vera stråstive sortar. Av kornartene våre har seksradsbygg kortaste veksttid, og tidlege byggsortar høver bra på vel molda myr i god kultur. På lite molda lettare myr (mosemyr) høver havren vel så bra, han set mindre krav til jorda og kulturstoda. På godt molda myr i god hevd må ein vera sers varsam med kvævegjødsel. Fullgjødsla høver soleis ikkje serleg bra på god myr. Ei noko veik gjødsling med fosfor og kalium (15 kg superfosfat + 15 kg kaliumgjødsel pr. dekar) er tilrådeleg på velmolda og oppgjødsla myr. På nydyrka og lite molda myr høver normal allsidig gjødsling med kunstgjødsel (20 kg superfosfat — 25 kg kaliumgjødsel — 15—20 kg kalksalpeter pr. dekar). Husdyrgjødsel bør ein ikkje bruke til korn på myr.

Dei serlege krava set ganske snevre grenser for sortsvalet og

det er ikkje mange sortar av bygg og havre som høver serleg vel på myr. Men foredlingsarbeidet har i seinare år fått fram bra tidlege og stråstive sortar.

### *Byggsortar.*

Varde er ein stjernebyggsort som høver rett bra også på god myr i kyst- og flatbygdene i Møre og Trøndelag. I forsøka her på Mæresmyra har det vori litt seinare enn Maskinbygg, men sikkert folllrikare og meire stråstivt. Kvaliteten er rett god, sers ljost (kvitt) og fint korn i vanlege gode år med bra berging.

Herse er også stjernebygg. Det er jamtidig og vel så stråstivt — men folllrikt som Varde. Kornkvaliteten er rett bra i gode år med bra berging, men i vanskelege år ser det ut til at Herse lett vert noko mørk (grått) i fargen, men dette er kanskje serleg påtateleg ved dyrking på myr.

Både Herse og Varde er gode sortar, men stort sett må ein tilrå Varde for dyrking på myr under gode vilkår. Der den frostfrie veksttida er kortare, bør ein prøve med Jotun som er om lag ei veke tidlegare enn Varde. Det er ein folllrik sort, men ikkje serleg stråstiv og kvaliteten er — som vanleg for gruppa norsk fjellbygg noko dårleg.

Maskin er ein gamal og velkjend sort som i viktige eigenskaper — kornavling og stråstyrke — ikkje kan tevla med dei nyare sortar.

Edda (Svalöf) må ein også nemne. Forsøka her (i 9 år) syner at dette er folllrikaste sorten — og kvaliteten er god. Veksttida er som for Maskin — og stråstyrken er betre, men ikkje fullt så god som Varde.

Av havresortar som kan høve for dyrking på myr skal vi nemne 2—3 serleg aktuelle sortar for Trøndelag.

Nidar II er tidlegaste sorten vi har. Han er bra stråstiv og folllrik — og kan høve på lite molda grasmyr og på simplare mosemyr, der det krevst ein sers tidleg sort. Kvaliteten er ikkje god, — låg hl. vekt og høg skalprosent.

Voll er ein ny sort som med rette ser ut til å vinne meir og meir fram i Trøndelag og Møre. Voll er sikkert den mest stråstive og folllrike tidlegsorten som hittil har vori dyrka på Mæresmyra. Han er litt seinare enn Nidar II — men kvaliteten er ein god del betre.

Hein II er og ein ny sort. Han er tidleg som Voll og ganske stråstiv. Under laglege tilhøve på god myr i flatbygdene kan nok Hein II vera verd ein freistnad.

På så einsidig og lite drivande jord, i vanskeleg (frostnemt) lægje — som myra er, krevst det omtanke og god planlegging — med skikkeleg kultur, om utfallet av korndyrkinga skal verta bra. Ein gjer difor sikkert klokt i å søke den råd og rettleiing som forsøka kan gi.